



## Innkalling av Næringsfondsstyret

**Møtedato:** 18.06.2015  
**Møtestad:** Komferanserommet  
**Møtetid:** 12:00 - 12:30

**NF-møte vert halde rett etter kommunestyremøte.**

Eventuelle forfall må meldast til Kundetorget på tlf 56 59 90 00 eller e-post:  
[postmottak@modalen.kommune.no](mailto:postmottak@modalen.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

Saknr	Tittel
001/2015	Godkjenning av innkalling og saksliste
002/2015	Godkjenning av møtebok
003/2015	Orienteringssaker
004/2015	Søknad om lån og tilskot til kjøp av lastebil

12. juni 2015

Knut Moe  
møteleiar

Øivind Olsnes  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		15/151

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/2015	Næringsfondsstyret	PS	18.06.2015

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		15/151

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/2015	Næringsfondsstyret	PS	18.06.2015

### Godkjenning av møtebok

#### Forslag til vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Protokoll - Næringsfondsstyret - 13.10.2014



## Møteprotokoll for Næringsfondsstyret

**Møtedato:** 13.10.2014  
**Møtestad:** Møterom formannskapsrom, Mo  
**Møtetid:** 09:00 - 09:30

Møtetid kl 09.10 - 09.40

Grunna habiltet var det berre 4 medlemar ved handsaming av sak 009/14.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Knut Moe	SA	Utvalsleiar	
Kristin Nåmdal	SA	Nestleiar	
Gunnhild Steinsland	SO	Medlem	

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Trond Arild Henriksen	SA	Medlem	
Gisle Heimly	SO	Medlem	

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Liv Anne Aanensen	SA	Varamedlem	Ugild sak 09/14
Terje Nygard	SO	Varamedlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Øivind Olsnes	rådmann	Administrasjon	

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
006/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
007/2014	Godkjenning av møtebok
008/2014	Orienteringssaker
009/2014	Søknad om tilskot til oppstart delprosjekt Modalen Ølbryggjarlag

### **Notat frå møtet:**

.

## **006/2014: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Behandling:**

Samrøystes

### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **007/2014: Godkjenning av møtebok**

### **Behandling:**

Samrøystes

### **Vedtak:**

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

---

## **008/2014: Orienteringssaker**

### **Behandling:**

Rådmann orienterte om kva delerte saker som var handsama:

- Tilsegn om tilskot til utviding av tømmerkai på Eidsnes
- Tilsegn om tilskot til kjøp av rundballepresse
- Tilsegn om tilskot til elevbedrift

### **Vedtak:**

Sakene vert tekne til orientering

---

## **009/2014: Søknad om tilskot til oppstart delprosjekt Modalen Ølbryggjarlag**

### **Behandling:**

#### **Vurdering av habilitet**

Liv Anne Aanesen er styreleiar for Liv og Lyst-prosjektet "iModalen". Omsøkt tiltak er eit delprosjekt og ho hadde delteke i utforming av søknaden. Ho sa seg derfor ugild og ba om å få vurdert sin habilitet.

Liv Anne Aanesen vart samrøystes erklært ugild i saka og deltok ikkje under handsaminga.

Fvl kapll §6 e.

**Drøfting i møte**

Rådmannen orienterte om kva stønad Liv og lyst-prosjektet har fått frå Osterfjord Næringsssamarbeid.

Fondsstyret drøfta grunnlaget for å gje stønad og kva krav ein må setje til vidare arbeid med prosjektet for å utvikle forretningsdrifta.

**Vedtak:**

Det vert gjeve tilskot på inntil kr 22 500 til Modalen Ølbryggjarlag. Tilskotet vert utbetalt i samsvar med dokumenterte utgifter. Tilsegna står ved lag i eit år frå vedtaksdato.

Næringsfondsstyret la til grunn for yte stønad at dette er eit forprosjekt i ein tidleg fase. Fondsstyret forventar at søkerane også legg vekt på å utarbeide ein forretningsplan i det vidare arbeidet. Krav til forretningsplan vil verte vektlagt ved oppfølging av prosjektet.

---

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Anneli Vatle Lilletvedt		15/151

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/2015	Næringsfondsstyret	PS	18.06.2015

### Orienteringssaker

#### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:



# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Inge Kårevik	FE - 223	15/123

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
004/2015	Næringsfondsstyret	PS	18.06.2015

## Søknad om lån og tilskot til kjøp av lastebil

### Forslag til vedtak:

Alt 1

Det vert ikkje gjeve lån eller tilskot til Svein Mo as til kjøp av lastebil med grunngjeving som framgår av saksutgreiinga.

Alt 2

Svein Mo AS får eit lån på kr 269 000,- tilsvarande 20 % av investeringa.

Utbetaling av lån over 50.000,- skal sikrast med pant eller garantiar.

Lånerenta er den til ein kvar tid gjeldande rente i Næringsfondet.

Lånet skal attendebetalst med like store halvårlege avdrag i 5 år.

### Andre vilkår:

*Innvilga lån og tilskot kan krevjast attende dersom verksemda opphøyrer, vert seld eller flytta frå kommunen innan 5 år frå tilsegnsdato.*

*Likeins kan lån og tilskot krevjast attendebetalt heilt eller delvis dersom bygg og inventar/ utstyr m. v. som er finansiert med støtte frå Næringsfondet, vert seld eller nytta til eit anna føremål enn føresett innan 5 år frå tilsegnsdato. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til Styret for Næringsfondet om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.*

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Søknad frå Svein Mo AS om tilskot og lån til kjøp av lastebil

#### Vurdering

Rådmannen vurderer investeringen som fornying av driftsmiddel og i fylgje retningsliner for bruk av

næringsfondet skal det ikkje gjevast tilskot til slike føremål. Jfr. Kap 2 § 2.1 avsnitt. 3.

I § 1.2 Føremål og prioriteringar av satsingsområder heiter det vidare at søknader kan avslåast når tiltaket/ etableringa vert vurdert som uheldig i høve til eksisterande næringsliv. (konkurranssevriding). Det er fleire firma som driv med transport i Modalen og tilskot til ein av aktørane vil gje denne konkurransefortrinn i høve til dei andre.

I søknaden vert det peika på at det vil bli trong for auka transport når sandtak på Krossdal vert starta opp og at ein då reknar med å ansette ein person. Rådmannen vurderer sysselsettingseffekten av tiltaket som usikker.

### **Konklusjon**

Med heimel i retningsliner for bruk og forvaltning av næringsfondet vert søknad frå Svein Mo AS om tilskot til lastebil avslått. Det blir her vist til Kap 2. §2.1 Støtnadsformer avsnitt 3 der heiter det «ved fornying av driftsmiddel vert det berre gjeve lån» .

I § 1.2 Føremål og prioriteringar av satsingsområder heiter det at søknader kan avslåast når tiltaket/ etableringa vert vurdert som uheldig i høve til eksisterande næringsliv. (konkurranssevriding).

Det er fleire firma som driv med transport i Modalen og tilskot til ein av aktørane vil gje denne konkurransefortrinn i høve til dei andre. Det same gjeld for rimelege lån.

Tiltaket vil slik rådmannen vurderer det, vil ikkje ha nokon vesentleg auke i sysselsettingseffekt.

Rådmannen vel med bakgrunn i vurderinga ovanfor å leggje fram to alternativ til vedtak.

#### **Alt 1**

Det vert ikkje gjeve lån eller tilskot til Svein Mo as til kjøp av lastebil med grunngjeving som framgår av saksutgreiinga.

#### **Alt 2**

Svein Mo AS får eit lån på kr 269 000,- tilsvarande 20 % av investeringa.

Utbetaling av lån over 50.000,- skal sikrast med pant eller garantiar.

Lånerenta er den til ein kvar tid gjeldande rente i Næringsfondet.

Lånet skal attendebetalst med like store halvårlege avdrag i 5 år.

### **Vedlegg:**

Næringsfondet - Søknad om tilskot til kjøp av lastebil

Modalen 17.05.2015

## Søknad til modalen næringsfond

## 1.Søknad om Lån/Tilskot frå modalen næringsfond.

Svein mo as søker herved om lån/tilskot til kjøp av ny lastebil.

## 2. Kort omtale om prosjektet det vert søkt om.

Svein mo as har for det meste arbeid i modalen og i dei 2 siste åra har arbeids mengden/

Behovet på transport auka.derfor vil vi investere i nytt og meir miljøvenligt utstyr.

Svein mo as og fleire grunneigara har inne ein søknad om nytt sanduttak på krossdal

Og når dette kjem i gang vert det behov for fleire bilar for å transportere sand.

## 3.Sysselsetting

Selskapet sysselsetter fra før ein person+innleigd arbeidskraft i perioder

Vi reknar med å ansette ein person til ved oppstart med det nye sandutaket på krossdal


Svein mo as søker herved om lån/tilskot på kjøp av ny lastebil

Bilen er ein scania R580 6x4 tipp bil kr 1345000ex mva

Kostnader finansieringsplan

Scania finans	kr 807000
Tilskot modalen næringsfond	Kr 269000
Lån modalen næringsfond	Kr 269000
Sum finansiering	Kr 1345000.

Håper på positiv tilbakemelding

  
Mvh Endre mo

Svein mo as

Org 975991954

Mob 40061683